

Konfirmantsamlingar

og viktige datoar fram mot konfirmasjon

Med dei første vårteikna i mars månad kjem og innspurten fram mot konfirmasjonsdagen.

Her kjem nokre viktige datoar der konfirmantane deltek.

(Samlingar 8/1, 22/1, 5/2, 19/2. Samlinga 5/3 gjekk ut.)

Konfirmantsamlingar for siste del av våren 2026

Mars: torsdag 19. kl 14.15 i kyrkja. Langdagsøving fram til kl 18.00 med kyrkjespel og andakt på Vikevollen der konfirmantane deltek med song

torsdag 26. kl 14.15 til kl 16.00 i kyrkja. Øving med drama og song til kyrkjespelet

April: torsdag 16. kl 14.15 til kl 16.00

tysdag 28. kl 18.00 til kl 21.00 Lydprøvar med konfirmantar, kor og solistar

torsdag 30. kl 14.15 med generalprøve inn mot kyrkjespelet kl 18.00 med konfirmantfest for konfirmantane med familie i bedehuset etter vi er ferdig i kyrkja.

Mai: laurdag 2. konfirmasjonsdag. Oppmøte med fotografering kl 10.00 i kyrkja. Gudstenesta startar kl 11.00

Fasteaksjonen 2026

Kvart år er det ein innsamlingsaksjon for Kirkens nødhjelp. Her deltek Jondal sokneråd saman med konfirmantane. Dei går med bøsser på dørene og samlar inn pengar så born i utviklingsland kan få reint drikkevatn. Datoen for årets fasteaksjon er **måndag 23. mars**. Oppmøte er i kyrkja kl 16.30. Her vert dei registrert og får utdelt bøssene. Aksjonen skal vera avslutta kl 19.00

Dugnadsdag i Jondal og Herand

Bygdelaga arrangerer kvart år ein dugnad med å rydda fint etter ein lang vinter. I år vert datoen for laurdagsdugnaden **laurdag 25. april kl 10.00 til kl 14.00** Dugnaden vert avslutta med graut i bedehuset for alle.

Helsing frå Anne Karin og Arne

(pr.6/3-26)